

1.9.2017

Villreinfjellet som verdiskapar

- prosjektsøknad frå Setesdal-Ryfylke

1. Hovudprosjekt

Bakgrunn

Det eksisterar allereie eit breitt og godt samarbeid mellom ulike aktørar i villrein fjellet i Setesdal-Ryfylke villreinområde. Tidlegare og pågåande prosessar, i første rekke dei to GPS-prosjekta og Heiplanen, har bidratt både med ny kunnskap og lagt til rette for gode samarbeidsrelasjonar. Samstundes har desse prosessane avdekt område kor det ennå står att mykje arbeid. Potensialet for verdiskaping knytt til villrein blir i svært liten grad nytta av reiselivet, og villreinen blir i mange tilfelle heller sett på som eit problem enn som ein ressurs for lokalt næringsliv. Det er og eit ønskje om meir kunnskap om villrein både blant fastbuande og tilreisande. Ein har hatt «opne villreinmøte» i nokre kommunar der mange har møtt fram. Deltakarane har uttrykker ønskje om å få ta del i den nye kunnskapen som ligg føre. Styring og kanalisering av ferdsel er og eit høgst aktuelt tema i vårt villreinområde. Kommunale sti- og løypeplanar skal være eit viktig verkemiddel i dette arbeidet, men ennå er det få kommunar som har slike planar.

Søkargruppa ser på deltaking i dette verdiskapingsprosjektet som ei naudsynt vidareføring og vidareutvikling av det gode arbeidet som har gått føre seg dei siste åra. Som det vil gå fram av dei ulike delprosjekta vil ein både legge til rette for økonomisk verdiskaping gjennom å legge til rette for bruk av villreinen sin kulturhistoriske dimensjon innanfor reiselivet, miljømessig verdiskaping gjennom fleire og betre sti- og løypeplanar, samt kulturell og sosial verdiskaping gjennom auka kunnskap om lokal villreinkultur og gode møteplassar for dialog og kunnskapsutveksling om villreinformalting.

I prosjektet er det lagt til grunn at økonomisk verdiskaping (næringsutvikling) i første rekke må komme som idear og initiativ frå private. Tanken er likevel at gjennom prosjektet vil innhenting av kunnskap, formidlings, kursing mv. få fram moglegheiter og potensiale som ligg i villrein og villrein fjell slik at næringsaktørar kan nytte dette i sin verksemd.

Namn på prosjektet

Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell

Mål for hovudprosjekt

- Auka kunnskap og medvit om villrein og villrein fjell slik at arten og leveområda vert ivareteken på kort og lang sikt.
- Bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villrein fjell

Strategi for hovudprosjekt

Gjennom tilrettelegging, formidling og informasjon utvikle villrein og villrein fjella til ein ressurs i lokalsamfunna. Hovudprosjekta er konkretisert med delprosjekt. I løpet av prosjektperioden skal det skje tiltak i dei kommunane som ønskjer det.

2. Delprosjekt

2.1 Delprosjekt 1 - kunnskap om villrein og villreinfjell til barn og unge

Bakgrunn

Ei føresetnad for å ta vare på villreinen og villreinfjella er at oppveksande generasjonar har kunnskap og eigarforhold til villreinen og villreinfjella - det ein er knytt til ønskjer ein å ta vare på. Stadig fleire barn og unge veks opp i miljø der natur og friluftsliv ikkje er ein del av kvardagen. Dette er sjølvforsterkande i og med at foreldre tradisjonelt er dei som introduserer ungane for slike aktivitetar. For å sikre at kunnskap om villrein og villreinfjell vert ført vidare til nye generasjonar bør temaet få ein større plass gjennom offentlege og friviljuge tilbod.

Mål

- Sikre at barn og unge i villreinkommunane for kunnskap og eigarforhold til villrein og villreinfjell.
- Sikre at barn og unge i villreinkommunane får kunnskap om villreinrelaterte kulturminne og lokal heiekultur

Tiltak

- Sette i gang prosjektet «Heiaskulen» som vil innehalde punkta under. Malen blir delvis henta frå konseptet «Skarveskulen» på Hallingskarvet og SVR og SNO sitt prosjekt «Ungdom og lokal heiekultur».
- Få villrein, villreinfjell og villreinrelatert kulturhistorie inn som tema i undervisninga i grunnskulen.
- Utarbeide undervisningsmateriell for bruk i grunnskulen. Fokus på pedagogisk og visuelt godt materiell tilpassa ulike plattformer. Dette skal sikrast gjennom å knytte til seg kompetansmiljø i regionen.
- Utvikle tilbod om friluftaktivitetar slik at ungdom blir trygge på å ferdast i villreinfjella på eigehand.
- Vidareutvikle og utvide tilbod om opplæringsjakt for ungdom

Vurdering av måloppnåing

- Tal timar der villrein og villreinfjell er tema i undervisninga
- Tal deltakarar på ulike arrangement (aukande eller synkande)
- Utvikling av gjennomsnittsalder blant dei som jaktar villrein

Kopling til vedtekne planar og strategiar i regionen

- Grunnleggjande føresetnad for gjennomføring av Heiplanen (Regional plan) og for å sikre ivaretaking av verneverdiane i verneområda.
- Vedtekne prosjektplan for arbeidet med besøksstrategi i SVR. Ein av fire hovudmålsettingar er å «*Gi barn og unge gode opplevingar i heiområda og auka forståing for vernet*»

2.2 Delprosjekt 2 – møteplass villreinfjellet

Bakgrunn

Ei vellukka villreinforvaltning, anten ein pratar om bestandsforvaltning eller arealforvaltning, er avhengig av legitimitet, dialog og eit godt kunnskapsgrunnlag hos involverte partar. Samarbeidsklimaet innan villreinforvaltninga i regionen har vorte stadig betre dei siste åra, men det er framleis ting å ta tak i. Det er derfor svært viktig at det eksisterer ein arena kor dei ulike aktørane kan møtast å utveksle synspunkt og drøfte ny kunnskap. Slike møteplassar har blitt etablert gjennom dei to GPS-prosjekta, den årlege heiplansamlinga i regi av fylkeskommunane og heiplandagane i regi av SVR. Det er avgjerande at desse møteplassane vert vidareutvikla men der ein i tillegg får til lokale treffpunkt.

Mål

- Auke kunnskapsnivået og betre samarbeidet mellom alle involverte partar i villreinforvaltninga i regionen.

Tiltak

- Vidareutvikle heiplansamlingene som arena for meningsutveksling og formidling av kunnskap om villrein og villreinfjell
- Etablere lokale treffpunkt med opne temakvelder med aktuelt frå villreinfjellet
- Styre formidlinga frå relevante forskingsprosjekt til desse arrangementa (GPS-prosjektet, RenRein, m.v.)
- Legge informasjon om andre villreinfaglege tema til desse arrangementa (rullering av handlingsprogrammet til Heiplanen, Skrantesjuka, Kvalitetsnorm for villrein, m.v.).

Vurdering av måloppnåing

- Tal på gjennomførte arrangement og geografisk fordeling av desse.
- Tal på deltakarar på arrangementa.
- Deltakarar og innleiarar si evaluering av nytteverdi

Kopling til vedtekne planar og strategiar i regionen

- Handlingsplanen i heiplanen med tema *Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt*. Eit av tiltak her er å utvikle ein ny samarbeidsarena mellom villrein- og arealforvaltninga for å få tilbake villreinen i vest- og sør områda.

2.3 Delprosjekt 3. – Villreinen og kulturarven

Bakgrunn

Det eksisterer svært mykje kunnskap om kulturarven som er knytt til villreinen i våre områder. Eksisterande kunnskap om kulturminne knytt til villreinfangst og villreinjakt finns spreidd i eit utal registreringar, rapportar og databasar, og er dermed vanskeleg tilgjengeleg. Kulturarvomgrepet omfattar i denne samanhengen både den immaterielle kulturen i form av segn, tradisjonar og jakthistorier, og den materielle kulturen i form av dyregraver, bågesteller, jakthytter, jaktvåpen m.v. Denne kulturarven inngår allereie som ein byggestein i lokal identitet mange stader rundt heia. Likevel er dei positive haldningane til villreinen under press, og ei bevisst satsing på å forsterke kunnskapen om villreinkulturen vil ha ein positiv effekt. Villreinen inngår i svært liten grad i produkta til reiselivet i regionen. Det er og fleire døme på at villreinen blir sett på meir som eit trugsmål enn ein ressurs for lokal verdiskaping. Dette delprosjektet vil derfor fokusere på å foredle den eksisterande kunnskapen til ei form som lokalt reiseliv lett kan ta i bruk i si verksemd.

Mål

- Gjere tilgjengeleg og spreie eksisterande kunnskap om villrein som ein del av den lokal kulturarven.
- Bidra til auka medvit om og stoltheit over lokal heiekultur.
- Foredle den eksisterande kulturelatert kunnskap om villrein til ei form som lokalt reiseliv lett kan ta i bruk i si verksemd.

Tiltak

- Utvikle ein brukarvennleg database med kartløyising, som har kulturminne knytt til villrein som sitt hovudtema.
- Formidling av kunnskap om kulturminne og heiekultur på eksisterande besøks- og informasjonssenter.
- Arrangere opne og gratis fellesturar til eit eller fleire kulturminne. Eit slik arrangement skal haldast i kvar kommune i planområdet kvart år i prosjektperioden. Det skal leggast vekt på å bruke lokale guider/turleiarar.
- Tilrettelegging og informasjon ved villreinrelaterte kulturminne. I kvar kommune i planområdet skal det i løpet av prosjektperioden, veljast ut eit kulturminne kor det skal leggast til rette med informasjonsskilt på staden. I tillegg må det utarbeidast utfyllande digital informasjon om kulturminnet og korleis ein skal komme seg dit. For kulturminne som ligg nær veg og i lite sårbare område vil det være aktuelt med ytterlegare tilretteleggingstiltak i høve til tilkomststiar og parkering m.v.
- Arrangere vertskapskurs for reiselivsverksemdar. Hovudtema vil være korleis ein kan bruke den lokale villreinkulturen til å gje dei besøkande ein positiv tilleggsdimensjon til opplevingar av området. Her tenkjer ein særleg på utnytting av segn, tradisjonsstoff, jakthistorier og lokal matkultur knytt til villrein. Vertskapskursar vil bli arrangert regionvis (Region Setesdal, Region Sør, Region Ryfylke), med eit kurs i kvar region dei tre siste åra av prosjektperioden.
- Arrangere guidekurs for reiselivsverksemdar og andre interesserte. Hovudtema vil være korleis ein kan bruke både fysiske kulturminne og tradisjonsstoff knytt til villrein, til å gje besøkande ei god oppleving av våre villrein fjell. Guidekursar vil ha eit tydeleg fokus på korleis ein kan ta med besøkande ut i felt, utan at villrein eller andre sider ved naturmangfaldet tek skade av verksemda. Guidekursar vil bli arrangert regionvis (Region Setesdal, Region Sør, Region Ryfylke) med eit kurs i kvar region dei tre siste åra av prosjektperioden.

Vurdering av måloppnåing

- Tal på bruken av databasen/kartløyisinga. Brukarundersøking i høve til nytte og brukarvennlegheit.
- Tal på deltakarar på fellesturane. Brukarane si vurdering av kvalitet og nytteverdi.
- Tal på gjennomførte tilretteleggings og informasjonstiltak. Brukarane si vurdering av tilgjengelegheit, kvalitet og nytteverdi.
- Tal på deltakarar på vertskapskursar. Deltakarane si evaluering av kvalitet og nytteverdi. Tal på reiselivsverksemdar som aktiv nyttar villreinkulturen i marknadsføring eller kontakta med dei besøkande.
- Tal på deltakarar på guidekursar. Brukarane si evaluering av kvalitet og nytteverdi. Tal på reiselivsverksemdar som aktiv brukar guiding knytt til villreinkulturen,

Kopling til vedtekne planar og strategiar i regionen

- Bygde og næringsutvikling er eitt av fire satsingsområde i Heiplanen (handlingsplanen). I vedtekne fire-årige handlingsprogram er det konkretisert med tiltak knytt til etablering av europeisk villreinregion og korleis villrein historia kan nyttast i verdiskaping, vurdering av nasjonalpark som verneform, beitebruk i heile heia.

- Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt er eit anna satsingsområde i Heiplanen. I handlingsplanen konkretisert som følger: 1) LNF og utmarksnæring, sette i gong lokale/regionale utviklingsprosjekt, 2) oppfølging av tilråding i rapporten til kulturminneprosjektet (Herstad og Sætre 2011)
- I Regionplan Agder 2020 er «Kultur – opplevelser for livet» eitt av fem satsingsområde. Med utgangspunkt i dei historiske kvalitetane landsdelen forvaltar, må det skapast opplevingar og attraksjonar som bidreg til å styrke livskvalitet samstundes som ein utviklar reiselivstilbod mv. Vidare skal regionen syne fram sitt mangfald både innan materiell og immateriell kulturarv
- Bidra til auka verdiskaping i lokalsamfunna kring verneområda som ein av fire hovudmålsettingar i prosjektplanen for besøksstrategi i SVR

2.4 Delprosjekt 4 – sti- og løypeplaner

Bakgrunn

Styring og kanalisering av ferdsel er eit sentralt verkemiddel for å oppretthalda villreinens bruk av dei ulike funksjonsområda. Aktiv styring og kanalisering er vesentleg for å unngå ytterlegare fragmentering av villreinområda. I Heiplanen vert det peika på viktigheita av dette, og der det vert lagt opp til utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar. Så langt er det få kommunar som har utarbeida slike. Årsaka til dette kan vera ulike men ressursmangel og trong/ønskje om prioritering av andre oppgåver kan vera noko av forklaringa. Det er heller inga «planform» men lange tradisjonar. Av den grunn kan det vera ein del usikkerheit for korleis planoppgåva skal løysast. Det må presiserast at styring og kanalisering må skje i denne rekkjefølgja. Dvs. først sjå kor det er ønskjeleg og forsvarleg å styre trafikken, deretter gjere tiltak for å kanalisere ferdsla hit.

I samband med styring og kanalisering av ferdsel vil det vera aktuelt å sjå på moglegheita for fleksible ordningar der ein vinterstid legg opp til å «legge ned» dei preparerte løypene i periodar med villrein i området. Det er allereie fleire døme på at det vert knytt slike vilkår ved preparering. Det er og lagt opp til ei slik ordning i de reviderte verneforskriftene for preparering av løyper i SVR. For at ei slik ordning skal fungere i praksis stiller det store krav til overvaking, samhandling, informasjon og varslingsrutinar

Mål

- Styre og kanalisere ferdsla i villreinfjellet gjennom utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar
- Utarbeide modellar for fleksible ordningar mht. preparering slik at dette fungerer i praksis

Tiltak

- Regionvise samlingar i regi av fylkeskommunane for å motivere kommunane og spreie kunnskap om utarbeiding av sti- og løypeplanar. Det vert lagt vekt på nytte røynsle frå kommunar som alt har utarbeida slike planar, samt trekke inn annan ekstern kompetanse.
- Tilrettelegging av eksisterande kunnskap, mellom anna frå pågåande GPS-merkeprosjekt, som grunnlag for kommunevise sti- og løypeplanar.
- Økonomisk støtte til kommunane som vil i gang med planarbeidet. Ein ser føre seg kr. 50 000 – 100 000 i støtte pr. kommune.
- Fagsamling SNO, kommunar og løypeselskap (private/kommunale) for å komme fram til modellar for fleksible ordningar for preparering av skiløyper.

Bykle kommune har fremma eigen prosjektsøknad knytt til adaptiv løypekøyring og opplæring/informasjon retta mot innbyggjarar og turistar. I den samanheng har det vore ein del kontakt mellom søkar og Bykle kommune. Det er ei felles oppfatning at prosjektet frå Bykle kommune i sin heilskap kan takast inn under delprosjekt 4 (sti og løypeplanar). Bykle kommune sitt prosjekt må sjåast på som eit pilotprosjekt under dette punktet. Som følgje av knapp tid har ein ikkje hatt moglegheit til å innarbeide dette i søknadsfasen.

Vurdering av måloppnåing

- Tal kommunar med vedtekne sti- og løypeplanar
- Tal brukarar av tilrettelagte løyper
- I kva grad villreinen opprettheld bruken av dei ulike funksjonsområda
- Tal løyper som vert etablert med fleksibel ordning for løypekøyring
- Tal på/omfang av om det er løyper som i periodar faktisk vert stengd ned.


Kopling til vedtekne planar og strategiar i regionen

- Utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar er eit tiltak i handlingsdelen av Heiplanen under overskrifta *Kommunal planoppfølging*. Tiltaket er vidare konkretisert i det fire-årige handlingsprogrammet.
- Utarbeide varslingsrutiner slik det er omtala i handlingsplanen av Heiplanen (under overskrifta Kunnskapsbasert planlegging og prosjekt). Vidare i det fire-årige handlingsprogrammet (*satsingsområde varslingsrutiner*)
- Heilskapleg besøksforvaltning av villreinfjellet er lista opp i vedtekne fire-årige handlingsprogram for Heiplanen
- I vedtekne prosjektplan for arbeidet med besøksstrategi er det lagt vekt på at styring og kanalisering av ferdsel i all hovudsak skal skje gjennom utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar.

3. Organisering

Organisering av hovudprosjekt og delprosjekt

Ved utarbeiding av prosjektsøknaden har det vore knapt med tid til kontakt med aktuelle deltakande aktørar. For fleire vil det og vera naudsynt med interne avklaringar før dei plikter seg til deltaking. Med bakgrunn i dette er det laga ein skisse til korleis en ser føre seg organisering av arbeidet. Sjå figur nedanfor. I ein overgangsfase kan det vera aktuelt med eit interimstyre.



Styringsgruppe

5 – 7 personar vald blant dei deltakande partane. Styringsgruppa vel sjølv leiar. Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa. Styringsgruppa har det overordna ansvaret for økonomi, framdrift og vegval i prosjektet undervegs. I tillegg sjå til at innhald og arbeid i delprosjekta vert i tråd med prosjektbeskrivinga.

Prosjektleiar

Ikkje avklart men ein tar sikte på frikjøpt av ein stillingsressurs frå ein av dei deltakande aktørane. Alternativt lyse ut prosjektstilling eller leige inn ekstern prosjektleiarkompetanse. Rolla som prosjektleiar er krevjande. Personen bør vera strukturert men samstundes fleksibel, ha god fagkunnskap og praktisk røynsle. Det vert lagt vekt på gjennomføringsevne.

Arbeidsgruppene

Maks. 7 personar sett saman ut frå tematikk og kompetansebehov i det einskilde delprosjekt. Prosjektleiar deltek i alle arbeidsgruppene. Der arbeidsgruppene har tilgrensande tema vil det vera viktig med kopling mellom gruppene (illustrert i figur ovanfor).

4. Kritiske faktorar

Kritiske faktorar

- Få på plass gjenstående avklaringar med aktuelle deltakande aktørar
- Årleg finansiering
- Engasjement hjå deltakande partar
- Få tak i prosjektleiar med ønskja kompetanse og eigenskapar
- Praktisk organisering av arbeidet– deltakande partar spreidd på alle kantar av heia

5. Vurdering av korleis hovudprosjekt og delprosjekt samsvarar med overordna mål i programmet

Samsvar mellom hovudmål og delmål 1 i programmet (ref. kap. 2 i programplanen) og søknad

Som omtala under verdiskaping i eget søknadsskjema er alle dei ulike formane for verdiskaping representert i eitt eller fleire av delprosjekt 1 – 4. Delprosjekt 3 og 4 har ei særleg kopling til reiseliv med utvikling av produktpakker med kulturhistoria som element, samt sti- og løypeplanar som eit vesentleg element i berekraftig utvikling av reiselivsområde. Prosjektet vil involvere ein rekke instansar innan det offentlege og private samt ulike friviljuge organisasjonar. Aktiviteten vil og ha stor geografisk spreining. Gjennom tidlegare og pågåande GPS-merkeprosjekt er det i regionen lang røynsle med å gjennomføre samarbeidsprosjekt av denne typen.

Samsvar mellom delmål 2 i programmet (ref. kap. 2 i programplanen) og søknad

Prosjektet, i første rekke delprosjekt 2 – 4, skisserer konkrete tiltak som bidreg direkte til gjennomføring av regional plan (Heiplanen). Det er gjeven ei konkret beskriving av dette i søknadsskjemaet. Sidan fylkeskommunane har ei særskilt rolle i heiplanarbeidet har ein ved utarbeiding av søknaden lagt stor vekt på å få med desse. Så langt er det gjeven positiv

attendemelding frå både Vest-Agder FK, Aust-Agder FK og Rogaland FK. Aust-Agder fylkeskommune har i sin attendemelding lagt vekt på at prosjektet vil styrke regionen sin oppfølging av heiplanen og satsing på reiseliv, friluftsliv og kulturminne. Vidare at prosjektet særleg vil bli viktig for oppfølging av heiplanen på mange område.

Samsvar mellom delmål 3 i programmet (ref. kap. 2 i programplanen) og søknad

Kunnskap og formidling av kunnskap er eit gjennomgåande tema i alle delprosjekta. Som det er gjort greie for i søknadsskjemaet er prosjektet retta inn mot eit breitt spekter av målgrupper.